



**ATTENDE TIL RØTENE:** Dette bygget pleide å huse Aurland barne- og ungdomsskule. Førre veke vendte Clemens Saers attende til bygda der han hadde sin fyrste, norske lærarjobb. Foto: Mariann Ruud / Utdanningsnytt

**Etter total utfrysing, har han fått offisiell unnskyldning: – Dei demoniserte meg grovt**

Førre veke var han attende i Aurland, der han var lærar på 70 talet. Der møtte han mange gamle fjes.

Mange hugsar Saers-saka. Historia om læraren som vart overfallen av ein elev på Oslo Handelsgymnasium, og seinare fekk heile skulda av arbeidsgjevaren, skaka ein heil nasjon.

No har Clemens Saers endeleg fått ein unnskyldning av Oslo kommune ved ordførar Marianne Borgen. Ei [klekkeleg oppreising på 350.000 kroner](#) har også hamna på konto.

Førre veke var Saers attende i Aurland, der han underviste på skulen frå 1973 til 1974.

– Eit fantastisk stad med fin natur og menneske, seier Saers til Porten over telefonen før helga.

No er han ute med den nye boka, «Clemens Saers: lærer på liv og død», skrive av ghostwriter Knut Lindh. Der skildrar han overfallet og den ubehagelege prosessen i etterkant.

### **Svikta av systemet**

Heile Saers-saka er for lang til å summere opp i ein artikkel. I korte trekk vart han konfrontert av ein elev han ikkje visste var ein fare for folk rundt seg, som

resulterte i at han vart angripen då han hadde undervisning i eit klasserom fullt av elevar på norskopplæring.

I etterkant av overfallet vart han skulda for å sjølv overfalle eleven. Det resulterte i ein årelang kamp med Oslo kommune om å få namnet sitt reinvaska.

Han vann til slutt fram.

– Dei demoniserte meg grovt. Det har eg dokumentert i boka.

### **Eit absolutt tabu**

Det Saers gjorde i etterkant av overfallet, kallar han eit av dei største tabua i læraryrket. Å seie at det i norske skular er aukande tilfelle av vald, og at leiinga oppover lukkar auga.

– Pengane i Oslo følgjer elevane, seier Saers.

Med det, seier han at skulane har som hovudmål å gjere seg sjølv så populære som mogleg. Då monnar det seg ikkje å ha eit rykte på seg for valdsepisodar.

– Ordet «vald» er noko me fekk påbod om å ikkje bruke, fordi skulesjefen har sagt at born og ungdom aldri gjer seg skuldig i vald. I staden, skal ein kalle det «uheldige episodar». Då eg nesten vart drepen, vart det bagatellisert.

### **Læraren er ikkje i førarsetet**

Ein anna mangel i skulen Saers peiker på er skeivheita i maktbalansen. Ein skulle tru det er læraren som styrer klasserommet.

Sanninga er noko heilt anna. I alle fall etter 1994, då lærarrådet forsvann som konsekvens av ei omstrukturering i skulestylinga.

Då seier Saers at dei mista rådigheita over eigen arbeidsplass.

– Medan rettighetene til læraren vert byggja ned, vert dei byggja opp for elevane. Før måtte elevane tilpasse seg skulen, men no er det motsett.

Maktbalansen er skeiv, meiner Saers.

Det smittar over på elevane og åtferda deira.

– På 70-talet hadde lærarane støtte frå dei vaksne, men no grip dei ikkje inn. Det er ei gruppe skuleelevar som har kontroll over skuleplassen fordi dei vaksne har kapitulert. Eg beskytta elevane mine, og fekk kritikk.

Å ikkje halde kontrollen, tykkjer Saers er eit svik mot elevane.

**– Når me som vaksne ikkje stiller seriøse krav, er me med på å ta ifrå dei menneskerettane. Unge menneske skal stillast krav til. Stryker me dei med håra og seier dei er verdsmeistrar er me med på å øydeleggje utviklinga deira. Det er det som skjer i skulen i dag.**

### **Lite forskjell på bygd og by**

Saers kjem opphoveleg frå Nederland, og starta karrieren sin i Sverige. Deretter gjekk turen til Aurland, så Bergen, og til slutt Oslo, der han har jobba brorparten av livet.

Men skule er stort sett skule.

– *Kva vil du seie er kontrastane mellom å undervise i byen og på bygda?*

– Det er ingen forskjell. Eg reiste til Bergen i 1974 og det var fantastisk, og det er ikkje nokon småby. Vald som fenomen har ikkje noko med ein spesifikk stad å gjere.

Uansett stad han har undervist, og kva han har vore gjennom, har Saers berre lovord om sjølve yrket. Og sjølv sagt dei unge folka han har med å gjere frå dag til dag.

– Eg har hatt 6000 elevar og mange fantastiske elevar. Men med ansvarsløyse arbeidsgjevarar. Dei sviktar.

### **Attende til det gode vestland**

I Aurland, fekk Saers høve til å ikkje berre promotere boka og snakke om yrket, men òg å møte att gamle, men kjente fjes.

– *Saknar du nokon gong å bu her?*

– Det er klart eg gjer det. Det er ein fantastisk stad med fin natur og fine folk. Det var fleire lærarar her som kom og helste, og dei var tidlegare mine elevar.

Mellom anna ordførar og tidlegare Saers-elev Trygve Skjerdal tok turen innom. Då fekk dei to tid til å mimre over gamledagane.

– Eg hadde han i sjetteklasser. Ein gong drog Trygve ein vits i klasserommet og klarte ikkje stogge å le. Men me hadde begge gløymd kva vitsen var.

Saers seier at ein lærar som ikkje har eit hjarte som bankar for den enkelte elev, har ikkje noko å gjere i eit klasserom. Kollegaene hans i Aurland var av den støypinga.

– Dei var strenge men rettferdige, og det gav resultat. Hardt arbeid gjev alltid resultat, og ungdom må få kjenne på det å sveitte og jobbe.

– Den kunnskapen tar dei med seg resten av livet.